



## KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 16.02.2017  
**Stad:** Møterommet, Masfjorden kommunehus  
**Kl.:** 09.15 – 11.30  
**Tilstade:** Arthur Sjursen (leiar) og Wenche Dåe (medlem)  
**Innkalla:** Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ordfører Karstein Totland  
**Revisjon:** Reidar Bjørsvik  
**sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Bjarte Kvinge Tvedt (nestleiar)

---

### 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 02/17 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå sist møtet 14.12.16.

### 03/17 Skriv og meldingar

- a. Årsrapport 2016, Skatteoppkrevjaren i Masfjorden

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

### 04/17 Orientering om NGIR

Regionrådet i Nordhordland fekk i møte 28. oktober, sak 68/16, ei orientering av NGIR med tema sosial dumping.

Ordførar Karstein Totland orienterte kontrollutvalet om korleis selskapet er opptatt av å følgje tett opp underleverandørar. NGIR har skrevet kontrakt med eit seriøst og stort firma etter ein anbudsrunde og ordførar var nøgd med orienteringa som Regionrådet fekk om dette.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa.

**05/17 Orientering om varslingsrutinane i kommunen**

Saksvedlegg: KS veileder – «Varsling – Hvordan utvikle gode rutiner for varsling i kommuner og fylkeskommuner»

Varsling er å seie i frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsmiljøloven § 2-4,5 gjeldt varsling om kritikkverdige forhold i verksemda og vern ved varsling. KS har utarbeida eiga rettleiar om varsling for kommunar og fylkeskommunar, som ein kan lese meir om her:

<http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/samfunn-og-demokrati/etikk/hvordan-utvikle-gode-rutiner-for-varsling.pdf>

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om dei interne varslingsrutinane i Masfjorden kommune. På heimesida og intranettet til kommunen ligg informasjon om varsling og varslingsrutinane vedtatt av kommunestyret 11.12.2008. På heimesida ligg dette under «For tilsette» under «Sjølvhjelp». På intranettet ligg dette på første sida og er kjent for alle tilsette.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek denne til vitande.

**06/17 Årsmelding 2016 - Kontrollutvalet**

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding for 2016

Kontrollutvalet gjennomgjekk årsmeldinga for 2016 med oppsummering av arbeidet som er gjort i utvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok årsmeldinga for 2016 slik den ligg føre.

**07/17 Møteplan for 2017**

Saksvedlegg: Utkast til møteplan for 2017

Kontrollutvalet gjennomgjekk møteplan for 2017 og diskuterte planlagde saker.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2017 med desse møtedatoane: 18. april, 13. september og 29. november.

## 08/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møteprotokollane.

## 09/17 Eventuelt

### A. Status for revisjon av årsrekneskapen

Denne saka vart handsama før sak 04/17.

Revisjonen og rådmannen orienterte om status for revisjon av årsrekneskapen. Revisjonssjef gjekk igjennom planen for Masfjorden kommune og forklarte korleis revisjonen jobbar i forhold til dette.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek eventuelt til orientering.

Neste møte i kontrollutvalet er tysdag 18. april kl. 09.15.

Saker på neste møte er:

- Årsrekneskapen og årsmelding for 2016

Masfjorden, 16.02.17

  
Arthur Sjørusen /leiar

  
Wenche Daa /medlem

  
Tonje Husum Aarland /sekretær